



## ■ rundskriv nr. 03/19

Frå:	Til:
Utdanningsavdelinga	Dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal Dei private vidaregåande skolane i Møre og Romsdal
Dato:	Ref:
11.02.2019	13078/2019/

### **Retningslinjer for lokalt gitt munnleg eksamen og munnleg-praktisk eksamen i Møre og Romsdal fylkeskommune**

Dette rundskrivet erstattar rundskriv nr. 18/16 frå Utdanningsavdelinga. Endringar er markert med *kursiv*.

#### **Innhald**

1. Felles administrative retningslinjer for munnleg eksamen og munnleg-praktisk eksamen
2. Lokale retningslinjer for munnleg eksamen
3. Lokale retningslinjer for munnleg-praktisk eksamen

#### **1. Felles administrative retningslinjer for munnleg eksamen og munnleg-praktisk eksamen**

Heimel for lokalt gitt eksamen i vidaregåande opplæring er §§ 3-25, 3-30 og 4-23 i forskrift til opplæringslova. Hjelpemiddel til eksamen er heimla i §§ 3-31 og 4-24. Skoleeigar har ansvaret for gjennomføringa av lokalt gitte eksamenar. Det er skoleeigar sitt ansvar å fastsette lokale retningslinjer for munnleg eksamen og munnleg-praktisk eksamen.

Det er læreplanen i faget som fastset om eksamensform skal vere munnleg eller munnleg-praktisk.

#### **Oppgåvelaging**

Faglærer har plikt til å utarbeide forslag til oppgåvesett. Med oppgåvesett er her meint tema/problemstilling som eleven skal presentere, og tema for vurderingssamtalen. Ein presiserer at det ved munnleg og munnleg-praktisk eksamen ikkje blir utdelt spørsmål som skal svarast på under eksamen.

Oppgåvesett må utarbeidast slik at kandidaten får høve til å vise kompetanse i så stor del av faget som mogleg. Tema/problemstilling må vere omfattande nok til at det blir naturleg å trekkje inn fleire delar av læreplanen under vurderingssamtalen. Faglærer er ansvarleg for å utarbeide tilstrekkeleg tal oppgåvesett. Så langt det er mogleg skal ikkje fleire enn to elevar ha same oppgåvesett.

Forslag til oppgåvesett skal leverast til rektor innan 1. mai. Rektor er ansvarleg for å kvalitetssikre og godkjenne at dei er i samsvar med læreplan, forskrift og rundskriv.

#### **Før eksamen**

Utdanningsavdelinga vil så langt det er mogleg informere eksterne sensorar om oppdrag 4-5 veker før sjølve eksamen. Det skal opplysast om fag, dato og klokkeslett for eksamen, og kva skole eksamen skal haldast på. Ein presiserer at opplysningar om sensoroppdrag er konfidensielle.

Faglærer får melding frå rektor om trekk av fag 2-3 veker før eksamen.

Seinast 2 veker før eksamen, skal ekstern sensor ha motteke følgjande opplysningar frå eksamensskolen:

- følgjeskriv med opplysning om faglærars namn, fag, modell ved munnleg-praktisk eksamen, tal på kandidatar og tidspunkt for eksamen
- oppgåvesettet (tema/problemstilling for presentasjonen og tema for vurderingssamtalen)
- vurderingskriterier
- emneliste/leseliste/fagrapport (oversikt over stoff, tekstutval, elevøvingar, arbeidsmetodar eller liknande) der dette er relevant

Faglærer skal ta kontakt med ekstern sensor seinast 10 dagar før eksamen. Tida fram til eksamen må brukast til samarbeid mellom faglærer og sensor om rammer for eksamen, oppgåvesett, vurderingssamtalen og vurderingskriterier.

Kandidaten skal få vite kva fag han/ho skal prøvast i 48 timar før eksamen. Meldinga bør kome så nær 48 timar før eksamen startar som mogleg, men ikkje mindre enn 48 timar før første kandidat. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med.

Skolen ved rektor er ansvarleg for at nødvendig utstyr og verkty er tilgjengeleg både under førebuingdelen og under sjølve eksamen, slik at eksamen kan gjennomførast på ein forsvarleg måte.

### **Vurdering**

Eksamen skal vurderast av to sensorar. Ved eleveksamen skal den eine sensoren vere ekstern. Den andre sensoren kan vere faglæraren. Har eleven fleire faglærarar, kan desse delta under eksamen.

Faglærer er ansvarleg for at elev og sensor blir gjort kjend med vurderingskriterier for eksamen. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på grunnlag av den kunnskapen og kompetansen eleven viser i faget under sjølve eksamen. Førebuingdelen skal normalt ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.

For eksamen med presentasjonsdel er det læreplanen i faget som styrer kva som skal inngå i vurderingsgrunnlaget. Det faglege innhaldet i det eleven presenterer skal vurderast i alle fag. I fag der digitale ferdigheter, presentasjon og framføring inngår i kompetansemåla i læreplanen, skal dette inngå i vurderinga (til dømes i norskfaget). I dei fag der dette ikkje inngår i kompetansemåla i læreplanen i faget, skal presentasjon og relevante verkty heller vere eit hjelpemiddel for eleven til lettare å kunne kommunisere eigen kunnskap og kompetanse til eksaminator og sensor under eksamen.

Er sensorane usamde om karakteren, er det den eksterne sensoren som avgjer.

## **2. Lokale retningslinjer for munnleg eksamen**

Retningslinjene gjeld frå og med eksamen våren 2014, og er i samsvar med sentrale retningslinjer for gjennomføring av munnleg eksamen, jf. § 3-30 i forskrift til opplæringslova og rundskriv Udir-02-2014 om lokalt gitt munnleg eksamen: <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/eksamen/Udir-2-2014/>

Munnleg eksamen har ei tidsramme på inntil 30 minutt per elev eller privatist.

*Karakteren skal settast på individuelt grunnlag. Etter kvar kandidat skal sensorane diskutere seg fram til karakter. Eleven skal umiddelbart få vite karakteren.*

### **Munnleg eksamen for elevar**

Munnleg eksamen skal ikkje gjennomførast på måndagar og dagen etter høgtidsdagar og heilagdagar.

Det er fastsett at munnleg eksamen for elevar skal gjennomførast med obligatorisk førebuingssdel. Dei første 24 timane etter at trekk av fag er kunngjort blir disponert av elevane sjølve. Når førebuingssdelen tek til 24 timar før sjølve eksamen, skal eleven få oppgitt tema/problemstilling. Tema/problemstilling skal trekkjast av skolen ved rektor eller andre personar med delegert mynde. Førebuingssdelen er ein obligatorisk skoledag, dagen før eksamen, der alle hjelpemiddel er tillatt. Elevar som ikkje møter på førebuingssdagen når tema blir presentert, skal få tema presentert seinast

ved oppmøte på eksamensdagen. Det skal først fråværr på elevarr som ikkje møter på skolen på førebuingssdagen. Elevarr som ikkje møter på førebuingssdagen mistar ikkje retten til å ta eksamen.

### **Førebuing**

Førebuingssdelen startar 24 timar før eksamen tek til. Elevane får oppgitt eit tema/problemstilling og skal med utgangspunkt i dette førebu ein presentasjon. Førebuingssdelen skal vere rettleiande og skal hjelpe elevane med å sjå samanheng mellom tema/problemstilling og læreplan. I førebuingssdelen er alle hjelpemiddel tillatt. Førebuingssdelen skal gjennomførast som ein obligatorisk skoledag der elevane har rett på eit pedagogisk tilbod frå skolen, ikkje undervisning. Det betyr at elevane skal møte på skolen og ha tilgang til lærar. Skolen legg til rette for at elevane kan få minimum 2 timar rettleiing. Rettleiing skjer i gruppe med lærar, etter at tema/problemstilling er gjort kjend for elevane. Resten av skoledagen skal lærar vere tilgjengeleg for spørsmål frå elevane.

### **Lyttetekstar**

Skal lyttetekstar nyttast til munnleg eksamen, kan dei vere ein del av førebuinga eller inngå i sjølv eksamen.

### **Under eksamen**

Under eksamen skal eleven presentere det som er førebudd under førebuingssdelen utifrå gitt tema/problemstilling. Presentasjonsdelen skal utgjere inntil 1/3 av eksamenstida. Eksaminator skal styre den følgjande vurderingssamtalen, men sensor kan vere deltakande og skal ha høve til å stille spørsmål. Sensorane skal leite etter den kompetansen eleven har. Munnleg eksamen skal gje eleven høve til å vise kompetanse i så stor del av faget som mogleg, og skal ikkje organiserast på ein slik måte at eleven berre blir prøvd i ein liten del av læreplanen.

### **Hjelpemiddel**

Under presentasjonsdelen kan eleven bruke relevante hjelpemiddel som til dømes egne notat, digitale hjelpemiddel, eller andre verkty som kan visualisere presentasjonen. Under vurderingssamtalen er det ikkje tillatt med hjelpemiddel.

### **Munnleg eksamen for privatistar**

For privatistar er det fylkeskommunen som avgjer om munnleg eksamen skal vere med førebuingssdel eller ikkje, og kor lang den eventuelle førebuingssdelen skal vere.

Munnleg eksamen for privatistar i Møre og Romsdal fylkeskommune skal gjennomførast slik: 30 minutt før eksamen tek til skal privatisten få utdelt/trekkje tema for eksamen. Privatisten skal ha 30 minutt førebuing åleine. Førebuingssdelen er utan hjelpemiddel. Hjelpemiddel under eksamen er stempla notatark frå førebuinga. Spørsmål for eksaminasjon ikkje skal delast ut til kandidaten.

## **3. Lokale retningslinjer for munnleg-praktisk eksamen**

Retningslinjene gjeld frå og med eksamen våren 2015.

Fylkeskommunen kan sjølv fastsetje korleis munnleg-praktisk eksamen skal gjennomførast, jf. § 3-30 i forskrift til opplæringslova. Møre og Romsdal fylkeskommune har to modellar for gjennomføring av munnleg-praktisk eksamen for elevarr og ein modell for privatistar. Modellane som kan nyttast for elevarr er valfrie og likeverdige.

Munnleg-praktisk eksamen har ei tidsramme på inntil 45 minutt per elev eller privatist. Det er krav til både praktiske og munnlege innslag under eksamen.

*Karakteren skal settast på individuelt grunnlag. Etter kvar kandidat skal sensorane diskutere seg fram til karakter. Eleven skal umiddelbart få vite karakteren. Ved gruppeeksamen eller om eksamen er organisert slik at det er vanskeleg å kunngjere karakteren etter kvar kandidat, kan sensorane vente med kunngjeringa til alle kandidatane i eksamenspartiet har fullført eksamen.*

## **Munnleg-praktisk eksamen for elevar**

### **Modell 1**

Munnleg-praktisk eksamen etter denne modellen kan gjennomførast på måndagar og dagen etter høgtidsdagar og heilagdagar.

### **Før eksamen**

Etter at elevane har fått kunngjort eksamensfag, skal skolen legge til rette for at elevane kan få inntil 2 timar (til saman for heile gruppa) rettleiing med lærar.

45 minutt før eksamen tek til får eleven tema for eksamen, men ikkje spørsmåla for eksaminasjonen, og har førebuing åleine utan hjelpemiddel.

### **Under eksamen**

Under sjølve eksamen skal eleven eksamineraast, samt gjennomføre eit praktisk innslag. Ein presiserer at spørsmål for eksaminasjon ikkje skal delast ut til kandidaten. Eksamen skal organiseraast slik at eleven får høve til å vise kompetanse i så stor del av faget som mogleg, sensorane skal leite etter kompetansen til eleven. Det er eksaminator som leier eksamineringa, sensor kan vere deltakande og skal ha høve til å stille spørsmål.

### **Hjelpemiddel/verktøy**

Hjelpemiddel under eksamen er stempla notatark, nødvendig utstyr og verktøy frå førebuinga.

### **Modell 2**

Munnleg-praktisk eksamen etter denne modellen skal ikkje gjennomførast på måndagar og dagen etter høgtidsdagar og heilagdagar.

Etter at elevane har fått kunngjort eksamensfag, disponerer elevane sjølv dei første 24 timane. Når førebuingdelen tek til 24 timar før sjølve eksamen, skal eleven få oppgitt tema/problemstilling. Tema/problemstilling skal trekkjast av skolen ved rektor eller andre personar med delegert mynde.

Førebuingdelen er ein obligatorisk skoledag, dagen før eksamen, der alle hjelpemiddel er tillatt. Elevar som ikkje møter på førebuingdagen når tema blir presentert, skal få tema presentert seinast ved oppmøte på eksamensdagen. Det skal først fråværr på elevar som ikkje møter på skolen på førebuingdagen. Elevar som ikkje møter på førebuingdagen mistar ikkje retten til å ta eksamen.

For programfag innan utdanningsprogram for Musikk, dans og drama er det gjort unntak med omsyn til lengda på førebuingdelen. I desse faga skal elevane få oppgitt tema/problemstilling samstundes med at dei får melding om kva fag dei skal prøvast i. Lengda på førebuingdelen for desse faga blir då 48 timar.

### **Førebuing**

Førebuingdelen startar 24 timar før eksamen tek til. Sjå unntak frå lengde på førebuingdel for programfag innan utdanningsprogram for Musikk, dans og drama i avsnittet ovanfor. Elevane får oppgitt eit tema/problemstilling og skal med utgangspunkt i dette førebu ein presentasjon. Førebuingdelen skal vere rettleiande og skal hjelpe elevane med å sjå samanheng mellom tema/problemstilling og læreplan. I førebuingdelen er alle hjelpemiddel tillatt. Førebuingdelen skal gjennomførast som ein obligatorisk skoledag der elevane har rett på eit pedagogisk tilbod frå skolen, ikkje undervisning. Det betyr at elevane skal møte på skolen og ha tilgang til lærar. Skolen legg til rette for at elevane kan få minimum 2 timar rettleiing. Rettleiing skjer i gruppe med lærar, etter at tema/problemstilling er gjort kjend for elevane. Resten av skoledagen skal lærar vere tilgjengeleg for spørsmål frå elevane.

### **Under eksamen**

Under eksamen skal eleven presentere det som er førebudd under førebuingdelen utifrå gitt tema/problemstilling. Presentasjonsdelen skal utgjere inntil 1/3 av eksamenstida. Eksaminator skal styre den følgjande vurderingssamtalen, men sensor kan vere deltakande og skal ha høve til å stille spørsmål. Sensorane skal leite etter den kompetansen eleven har. Munnleg-praktisk eksamen skal gje eleven høve til å vise kompetanse i så stor del av faget som mogleg, og skal ikkje organiseraast på ein slik måte at eleven berre blir prøvd i ein liten del av læreplanen.

I fag der det er naturleg med samspel eller gruppeframføring, som i programfaga innan utdanningsprogram for Musikk, dans og drama eller Idrettsfag, er forskrifta ikkje til hinder for at ein munnleg-praktisk eksamen kan gjennomførast ved å samle fleire elevar i same lokale. Den tida eksaminator og sensor elles ville brukt på kvar einskild elev, kan i slike tilfelle slås saman slik at elevane til saman får ei tidsramme som svarar til den gjennomføringstida som er gitt i forskrifta. Ein understrekar at eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven slik denne kjem fram på eksamen. Ved samspel og gruppeframføring må det definerast på førehand kven som opptrer som eksaminator og sensor for den einskilde elev.

### **Hjelpemiddel**

Under presentasjonsdelen kan eleven bruke relevante hjelpemiddel som til dømes egne notat, digitale hjelpemiddel, eller andre verkty som kan visualisere presentasjonen. Under vurderingssamtalen er det ikkje tillat med hjelpemiddel.

### **Munnleg-praktisk eksamen for privatistar**

Munnleg-praktisk eksamen for privatistar i Møre og Romsdal fylkeskommune skal gjennomførast slik: 45 minutt før eksamen tek til skal privatisten få utdelt/trekkje tema for eksamen. Privatisten skal ha 45 minutt førebuing åleine. Førebuingdelen er utan hjelpemiddel. Hjelpemiddel under eksamen er stempla notatark, nødvendig utstyr og verkty frå førebuinga. Ein presiserer at spørsmål for eksaminasjon ikkje skal delast ut til kandidaten.

Med helsing

Erik Brekken  
fylkesutdanningssjef

Ann-Christin Hoel Lervik  
rådgivar

Gjenpart:  
Fylkesrådmannen  
Fylkesordføraren  
Lærarorganisasjonane  
Utdanningsutvalet  
Yrkesopplæringsnemnda